

Eksamen

01.06.2017

HEA2003

Yrkesutøvelse

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir vurderte i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren• forklare kva yrkesetikk er og drøfte yrkesetiske problemstillingar• beskrive helsefagarbeidaren si rolle i arbeidet med å halde oppe fysisk og psykisk helse <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser grad av måloppnåing i dei enkelte kompetansemåla• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i kva løysingar du vel• viser ferdigheiter i problemløysing• har fokus på brukaren• ser yrkesutøvinga i eit heilskapleg perspektiv

Situasjonsskildring:

Du arbeider som helsefagarbeidar på rehabiliteringsavdelinga i ein liten kommune. Der har du primæransvar for Razan, som opphavleg kjem frå Syria. Han har budd i Noreg i 20 år.

Razan har nettopp komme til rehabiliteringsavdelinga. Han har hatt eit kort opphald heime etter å ha blitt operert for eit lårhalsbrot han pådrog seg i eit fall. Du er kjent med at Razan i periodar slit med høgt alkoholforbruk, og at han var rusa då han fall og braut lårhalsen.

Razan er skild, og har to vaksne barn som bur i same by.

Oppgåve 1

- a) Kva vil det seie å vere profesjonell?
- b) Gjer greie for di rolle som profesjonell helsefagarbeidar for Razan.

Oppgåve 2

Razan har fått plass på eit tomannsrom, og må dele bad med mannen i nabosenga. Han misliker dette sterkt, og gir tydeleg uttrykk for det ved å vere sur og lite samarbeidsvillig.

- a) Forklar kva yrkesetikk er.
- b) Kva for nokre yrkesetiske problemstillingar kan du møte som helsefagarbeidaren til Razan?

Oppgåve 3

Du er oppteken av trivsel for at pasientane på rehabiliteringsavdelinga skal ha best mogleg utbytte av opphaldet. Du opplever at stemninga mellom Razan og romkameraten utviklar seg negativt. Det er ingen andre ledige rom på avdelinga.

Beskriv kva for ei rolle du har i arbeidet med å ta vare på begge pasientane si fysiske og psykiske helse.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren• forklare hva yrkesetikk er og drøfte yrkesetiske problemstillinger• beskrive helsefagarbeiderens rolle i arbeidet med å ivareta fysisk og psykisk helse <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser grad av måloppnåelse i forhold til de enkelte kompetansemålene• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser yrkesutøvelsen i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

Du arbeider som helsefagarbeider på rehabiliteringsavdelingen i en liten kommune. Der har du primæransvar for Razan som opprinnelig kommer fra Syria. Han har bodd i Norge i 20 år.

Razan har nettopp kommet til rehabiliteringsavdelingen. Han har hatt et kort opphold hjemme etter å ha blitt operert for et lårhalsbrudd han pådro seg i et fall. Du er kjent med at Razan i perioder sliter med høyt alkoholforbruk, og at han var beruset da han falt og brakk lårhalsen.

Razan er skilt, og har to voksne barn som bor i samme by.

Oppgave 1

- a) Hva vil det si å være profesjonell?
- b) Gjør rede for din rolle som profesjonell helsefagarbeider for Razan.

Oppgave 2

Razan har fått plass på et tomanns rom, og må dele bad med mannen i nabosengen. Han misliker dette sterkt, og gir tydelig uttrykk for det ved å være sur og lite samarbeidsvillig.

- a) Forklar hva yrkesetikk er.
- b) Hvilke yrkesetiske problemstillinger kan du møte som helsefagarbeider til Razan?

Oppgave 3

Du er opptatt av trivsel for at pasientene på rehabiliteringsavdelingen skal ha best mulig utbytte av oppholdet. Du opplever at stemningen mellom Razan og romkameraten utvikler seg negativt. Det er ingen andre ledige rom på avdelingen.

Beskriv hvilken rolle du har i arbeidet med å ivareta begge pasientenes fysiske og psykiske helse.



www.vigoiks.no/eksamen